


UTGREIING ETTER OPENHEITSLOVA

For perioden 1. januar–31. desember 2024.

Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) er ein aktivitets- og kulturarvorganisasjon. Laget bygde Rosenkrantz' gate 8 – Bøndenes Hus – i 1913, der laget har administrasjonen sin, og aktivitetslokale nede. I dette huset er Hotell Bondeheimen, Kaffistova, Heimen Husfliden og Solhjell som alle er eigd av BUL. Sidan 1901 har BUL drive slik forretningsverksemd for å finansiere aktivitetane våre.

Eigarstrukturen kan illustrerast slik:




BUL er ein del av mål- og ungdomslagsrørsla og er medlem av Fylkesmållaget Vikværingen, Noregs Mållag, fylkeslaget Bygdelagssamskipnaden (BLS) og Noreg Ungdomslag (NU). Vi har eigarinteresse i barne- og ungdomsteateret Den mangfaldige scenen AS, Det Norske Teatret, vekeavisa Dag og Tid og Norsk Barneblad. Organisasjonen eig to hytter, Røkleivhytta og Bondehytta, som vi leiger ut til medlemmer og andre. Vi leiger også ut Teatersalen og Lagsrommet i Rosenkrantz' gate 8. I den aktuelle perioden hadde BUL nærmare 900 medlemmer og 5–6 årsverk på kontoret. Dei tilsette i BUL er omfatta av tariffavtalen til Virke.

BUL er omfatta av *Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold* – openheitslova – ettersom vi er morselskap til konsernet Bøndenes Hus AS.

BUL har tatt openheitslova inn i organisasjonen vår og vi har sett i gang arbeidet med aktsemduurderingar for å kartlegge, førebygge, gjere greie for og følgje opp faktiske og potensielle negative konsekvensar av verksemda vår. Dette er ikkje eit ukjent tema for oss. Som ein frivillig organisasjon er vi opptatt av kva påverknad vi har på samfunnet og tar andre faktorar enn økonomi med i betrakting når vi vel leverandørar. Dette har likevel ikkje vore systematisert på den måten denne lova krev og vi har difor no etablert retningslinjer og rutinar for å handtere faktiske og potensielle negative konsekvensar vi kan ha på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Retningslinjene er vedtatt av styret.

Dagleg leiar har det overordna ansvaret for at retningslinjer og rutinar blir følgde og at det blir gjennomført aktsemduurderingar.

Aktsemduurderingane våre er basert på OECD sin modell for aktsemduurderingar for ansvarleg næringsliv:



Som figuren viser er aktsemduurderingar ein pågåande, gjentakande prosess, etter at dette er forankra i verksemda. Vi har kartlagt dei største leverandørane våre og har gjort aktsemduurderingar basert på risiko, kjøpsvolum (forholdsmessighet) og påverknadsmakt overfor den aktuelle leverandøren. Bøndenes Hus AS gjer si eiga aktsemduurdering og det betyr at BUL, som ein liten organisasjon ikkje har mange leverandørar vi kjøper store mengder varer frå. Dei fleste av leverandørane våre leverer også tenester og er lokalisert i Noreg og vi meiner difor vi kan skaffe ei god oversikt over arbeidsforhold og eventuelle leverandørkjedar.


Ut frå kartlegginga av leverandørane våre, har vi prioritert dei områda der det er høgast risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Risiko kan vere knytt til t.d. bransje, geografisk område eller produksjonsprosessar. Informasjon om leverandørane hentar vi inn gjennom nettsider eller direkte kontakt.

Gjennom aktsemdunderingane har vi til no ikkje avdekt negativ påverknad eller skade frå andre delar av verksemda vår eller leverandørkjeda.

Denne utgreiinga er publisert på heimesida vår www.bul.no.

Har du spørsmål rundt openheitslova og aktsemdunderingane våre kan du sende ein e-post til lagskontor@bul.no så svarer vi deg innan 3 veker.

Oslo, 12. juni 2025


Astrid Marie Grov (19. jun.. 2025 21:54 GMT+2)

Astrid Marie Grov, styreleiar


Anne Cathrine Johansen

Anne Cathrine Johansen (12. jun.. 2025 19:48 GMT+2)

Anne Cathrine Johansen, nestleiar


Mari Lundevall (14. jun.. 2025 09:33 GMT+2)

Mari Lundevall, styremedlem


Kjetil Aasen (12. jun.. 2025 19:56 GMT+2)

Kjetil Aasen, styremedlem


Sigvart Eggen (20. jun.. 2025 00:13 GMT+1)

Sigvart Eggen, styremedlem


Kari Velure (12. jun.. 2025 16:05 GMT+2)

Kari Velure, dagleg leiar